



VOLDA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Dalsfjorden, Rådhuset
Dato: 19.09.2017
Tid: 13:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Åshild Vik	Medlem	SV

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Milan Ilic	Lina Marie Bjørkedal	AP
Idar Flo	Åshild Vik	V

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgården	Utviklingssjef
Per Heltne	Fagansvarleg Plan
Børild Skåra	Rådgjevar Landbruk frå Landbrukskontoret i Ørsta



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 62/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 63/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 64/17	Gbr 30/261 - dispensasjon - utbygging - Bøen 2. Dispensasjon frå plankrav.
PS 65/17	Uløyves bruk av garasjetak Gbr 17/2
PS 66/17	Høyring - Endring i reglane for nydyrkning - forbod mot nydyrkning av myr
PS 67/17	Nye vegnamn i Håmyra - vedtak etter offentleg ettersyn
PS 68/17	Orienteringssaker
OS 7/17	Fylkesmannen i Sør-Trøndelag - klagebehandling på Forvaltningstyret si sak 77/16 - Gbr 6/25 og 6/26
OS 8/17	Fylkesmannen i Sør-Trøndelag - klagebehandling på vedtak 10.05.16 - Gbr 6/25 og 6/26
OS 9/17	Fylkesmannen - vedtak i klagesak etter plan- og bygningslova- oppføring av tilbygg til hytte - gnr2 bnr105 - tiltakshavar: Jon Olav Kriken
OS 10/17	Vedtak i klagesak - Fylkesmannen stadfestar kommunen sitt vedtak - Gbr 18/285
OS 11/17	Fylkesmannen - Vedtak i klagesak - Gbr 30/26
RS 1/17	Delingssak på 53/1 - delegert vedtak

PS 62/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Forvaltningsutvalet var på synfaring før møtet vedrørande PS 64/17 og 65/17.

Handsaming:

Det var ni møtande ved møtestart.



VOLDA KOMMUNE

Innkalling:

Leiar Magnar Sunde informerte om at det var blitt lagt eit vedlegg til PS 64/17 på lesebretta 19.09.17. Vedlegget heiter «Dispensasjonssøknad – Gbr 30/261». Dette vart i tillegg delt ut på møtet.

Idar Flo kom med ønske om orientering om PS 82/16 Trafikkforhold i Kårstadvegen/Røystunvegen, der Forvaltningsutvalet gjorde følgande vedtak:
Vegkrysset Kårstadvegen/Røystunvegen er uklart for trafikantane med omsyn til praktisering av vikeplikt.
Forvalningsstyret ber administrasjonen om å utgreie korleis ein kan gjere vikeplikta tydeleg for trafikantane i dette krysset.

Magny Fylling ba om permisjon frå kl 15:00

Røysting:

Magny Fylling sitt ønske om permisjon frå kl 15:00 vart samrøystes godkjent.

Innkalling og saksliste, med tillegg frå Idar Flo og ekstra vedlegg til PS 64/17 vart samsrøystes godkjent.

PS 63/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokoll frå sist møte 29.08.17. vart samrøystes godkjent.

PS 64/17 Gbr 30/261 - dispensasjon - utbygging - Bøen 2. Dispensasjon frå plankrav.

Forvaltningsutvalet var på synfaring på staden 19.09.17.

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune har starta prosess med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Spørsmål om vidare arealbruk i Rotset-området vil ut frå innspel m.m vere eit sentralt tema i planvurderinga.

Vidare utbygging og utvikling av infrastruktur for dette området bør også avklarast gjennom denne prosessen, og eventuell ved etterfylgjande reguleringsplan, før vidare utbygging i området kan tillatast.

Forvaltningsutvalet finn såleis ikkje å kunne gje dispensasjon frå gjeldande plankrav for oppføring av tilbygg/påbygg av eksisterande bustad på del av gnr 30 bnr 261 slik søkt om.

Handsaming:

Det vart ettersendt eit vedlegg til PS 64/17 som vart lagt ut på nettbrettet 19.09.17 og delt ut på møtet.



VOLDA KOMMUNE

Sindre Kvangarsnes kom med følgende framlegg:

Vilkåra for dispensasjon etter pbl § 19-2 er oppfylt. Søknad om dispensasjon fra plankrav på Gnr. 30 Bnr. 261 vert innvilga.

Begrunnning

Forvaltningsutvalet meinar at usikkerheit knytta til videre arealbruk på Gnr. 30 Bnr. 2 og 7 mfl. Ikkje vil påvirket kommunens vurdering av om dispensasjonssøknaden skal innvilgast. Relatert til dette, vil ikkje usikkerhet knytta til dei nevnte eiendommars arealbruk påvirke søknaden som er inngitt av Bergen Bolig AS. Årsaka er at søknaden gjelder bygging av en ekstra etasje på en eksisterende enebolig som ligg i et boligområde. Videre vil ikkje en reguleringsplan få konsekvenser for Gnr. 30 Bnr. 261 relatert til veien forbi området. I denne forbindelse vises det til at byggets arealbruk på Gnr. 30 Bnr. 261 ikkje vil endres ved at det bygges en ekstra etasje på eneboligen. En reguleringsplan vil dermed ikkje medføre at kommunens vurdering av tiltaket vert annaleis..

Relatert til naboenes innsigelser, kunne innsigelse knyttet til trafikk også vært gjort gjeldende sjølv om det hadde vore en reguleringsplan for området.

Det er nyleg gjidd tillatelese til utbygging av naboeigedom Gnr. 30 Bnr. 243 uten krav om reguleringsplan. Dette tiltaket hadde tilsvarende inngripen som det omsøkte.

Likhetsprinsippet i forvaltningsretten tilseier dermed at dispensasjonssøknaden til Bergen Bolig AS bør innvilgast.

Med bakgrunn i de overnevnte forhold, og at sannsynligheita for at ein ny arealplan for Volda kommune vil endre drastisk arealbruken i det nemde området, vil ikkje ei områderegulering ha betydning for Volda kommune sin vurdering av tiltaket da en reguleringsplan ikke vil påvirke vurderingen av byggesøknaden.

Utifrå dei nemde forhold vil tiltaket ha ei klar overvekt av fordelar vurdert opp mot dei ulempene tiltaket vil påføre naboar

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom administrasjonen si tilråding og framlegget frå Sindre Kvangarsnes.

Administrasjonen si tilråding fekk 8 røyster, medan Sindre Kvangarsnes røysta for sitt framlegg.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 19.09.2017

Volda kommune har starta prosess med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Spørsmål om vidare arealbruk i Rotset-området vil ut frå innspel m.m vere eit sentralt tema i planvurderinga.

Vidare utbygging og utvikling av infrastruktur for dette området bør også avklarast gjennom denne prosessen, og eventuell ved etterfylgjande reguleringsplan, før vidare utbygging i området kan tillatast.



VOLDA KOMMUNE

Forvaltningsutvalet finn såleis ikkje å kunne gje dispensasjon frå gjeldande plankrav for oppføring av tilbygg/påbygg av eksisterande bustad på del av gnr 30 bnr 261 slik søkt om.

PS 65/17 Uløyves bruk av garasjetak Gbr 17/2

Forvaltningsutvalet var på synfaring på staden 19.09.17.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med heimel i pbl § 32-3 vert tidlegare pålegg om å avslutte ulovleg bruk og fjerne rekkrverk på garasjetak på gbr 17/2 stadfesta. Ny frist for å rette opp forholdet vert satt til 01.11.2017.*
- 2. Med heimel i pbl § 32-5 vert det satt ein løypande tvangsmulkt på kr 200 per dag. Tvangsmulkta løyper frå nemnte frist ved manglande oppfølging av pålegg og så lenge forholdet ikkje er retta opp.*

Vi gjer merksam på at de sjølve har ansvaret for straks å gi beskjed til kommunen når pålegget er etterkome. Kommunen vil straks da foreta kontroll.

Handsaming:

Røysting:

Sindre Kvangersnes røysta i mot administrasjonen si tilråding, og den vart vedtak 8 mot 1 røyst.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 19.09.2017:

- 1. Med heimel i pbl § 32-3 vert tidlegare pålegg om å avslutte ulovleg bruk og fjerne rekkrverk på garasjetak på gbr 17/2 stadfesta. Ny frist for å rette opp forholdet vert satt til 01.11.2017.*
- 2. Med heimel i pbl § 32-5 vert det satt ein løypande tvangsmulkt på kr 200 per dag. Tvangsmulkta løyper frå nemnte frist ved manglande oppfølging av pålegg og så lenge forholdet ikkje er retta opp.*

Vi gjer merksam på at de sjølve har ansvaret for straks å gi beskjed til kommunen når pålegget er etterkome. Kommunen vil straks da foreta kontroll.

PS 66/17 Høyring - Endring i reglane for nydyrkning - forbod mot nydyrkning av myr

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet syner til forslaget frå Landbruks- og matdepartementet om endring av reglane for nydyrkning og forbod mot nydyrkning av myr.



VOLDA KOMMUNE

Eit totalforbod mot dyrking av myr vil vere drastisk for mange landbruksføretak i Volda. Den dyrkbare myra er ein viktig ressurs for eigedomane og viktig beredskapsmessig for kommunen. Forvaltningsutvalet i Volda kommune oppmodar difor at ein vel å tillate nydyrkning av myr ved bruk av bestemte nydyrkingsmetodar som bidreg til reduserte klimagassutslepp samanlikna med tradisjonelle nydyrkingsmetodar.

Dersom ein vel å innføre totalt forbod mot dyrking av myr rår ein til at ein opnar for dispensasjonar ved bruk av bestemte nydyrkingsmetodar.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 19.09.2017

Forvaltningsutvalet syner til forslaget frå Landbruks- og matdepartementet om endring av reglane for nydyrkning og forbod mot nydyrkning av myr.

Eit totalforbod mot dyrking av myr vil vere drastisk for mange landbruksføretak i Volda. Den dyrkbare myra er ein viktig ressurs for eigedomane og viktig beredskapsmessig for kommunen.

Forvaltningsutvalet i Volda kommune oppmodar difor at ein vel å tillate nydyrkning av myr ved bruk av bestemte nydyrkingsmetodar som bidreg til reduserte klimagassutslepp samanlikna med tradisjonelle nydyrkingsmetodar.

Dersom ein vel å innføre totalt forbod mot dyrking av myr rår ein til at ein opnar for dispensasjonar ved bruk av bestemte nydyrkingsmetodar.

PS 67/17 Nye vegnamn i Håmyra - vedtak etter offentleg ettersyn

Administrasjonen si tilråding:

1. *Forvaltningsutvalet vedtek følgjande namn på vegar i området Håmyra:*

- *Håmyra*
- *Håmyrhøgda*

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 19.09.2017

1. Forvaltningsutvalet vedtek følgjande namn på vegar i området Håmyra:

- *Håmyra*
- *Håmyrhögda*

PS 68/17 Orienteringssaker

Sindre Kvangersnes gjekk kl 14:50

Det var åtte røysteføre.

Orienteringssaker

OS 7/17 Fylkesmannen i Sør-Trøndelag - klagebehandling på Forvaltingstyret si sak 77/16 - Gbr 6/25 og 6/26

OS 8/17 Fylkesmannen i Sør-Trøndelag - klagebehandling på vedtak 10.05.16 - Gbr 6/25 og 6/26

OS 9/17 Fylkesmannen - vedtak i klagesak etter plan- og bygningslova- oppføring av tilbygg til hytte - gnr2 bnr105 - tiltakshavar: Jon Olav Kriken

OS 10/17 Vedtak i klagesak - Fylkesmannen stadfestar kommunen sitt vedtak - Gbr 18/285

OS 11/17 Fylkesmannen - Vedtak i klagesak - Gbr 30/26

RS 1/17 Delingssak på 53/1 - delegert vedtak 2017/913

Møtet slutt kl 15:00

Rett Utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
20.09.17

Sunniva Utnes
Konsulent